Legally signed by
Rune Lothe
14.01.2021

Legally signed by
Mette G. Matthiessen
15.04.2021

Driftsavtale for spesialrom for arkiv med tilhøyrande driftstenester

er inngått mellom:

Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS org nr. 971 348 496

(heretter kalla utførar]

og

Voss herad org nr. 960 510 542

(heretter kalla arkiveigar)

Stad og dato:

Bergen 14.01.2021

Føremål:

Føremålet med denne avtalen er å regulere pliktene og rettane kring overføring av arkiv til spesialrom for arkiv samt tilhøyrande driftstenester som følgjer av arkivlova, forskrift om offentlege arkiv og forskrift om utfyllande tekniske og arkivfaglege føresegn om behandling av offentlege arkiv.

Omfang:

Arkiveigar vedtek med heimel i selskapsavtalen § 4, pkt. 2 å overføre forvaltinga av arkiv samt tilhøyrande driftstenester til utførar. Omfanget gjeld utelukkande for papirbaserte arkiv og driftstenester slik dei følgjer av arkivlova, med tilhøyrande forskrifter samt vedlegg til denne avtala.

Driftsavtala skal utførast i tråd med vedlagde tenestebeskrivelse, samt andre vedlegg.

Alle rubrikkar skal vere kryssa av (Ja eller Nei)	Ja	Nei
Vedlegg 1: Tenestebeskrivelse inkl. pris og prisreglar	X	
Vedlegg 2: Datahandsamaravtale		X
Vedlegg 3: Rutine - rettelingshefte	X	
Vedlegg 4: Ordremal for deponering		X
Andre vedlegg:		X

Ikrafttedelse, avtaletid og oppseiing

Avtala trer i kraft 1. januar 2021 og gjeld til og med 31. desember 2023. Avtalen erstattar tidlegare avtale mellom arkiveigar og utførar kring papirarkiv.

Avtalen gjeld for 3 år og vert automatisk fornya om ikkje anna vert avtala. Avtalen kan seiast opp av partane i samsvar med føresegna i selskapsavtala.

Oppseiingstida er 1 år, frå 1. januar til 31. desember. Oppseiing av avtalen skal skje skriftleg og vere utførar i hende seinast 1. juni året før oppseiingstida tek til å gjelde.

Ved oppseiing av avtalen skal alle deponerte arkiv vere ute av utførar sine spesialrom seinast 14 dagar før oppseiingstida går ut. Arkiveigar må sjølv koste overføring av arkivmaterialet til ny løysing.

Endringar i driftsavtala etter avtaleinngåing

Arkiveigar har rett til å gje utførar pålegg om endring (endringsordre) i driftsavtala som følgje av krav i arkivlova med føreskrift eller endring i standardar og programvare knytt til tenesteskildringa. Utførar skal ved ei slik endringsordre innarbeide desse vedlegga innan 30 dagar.

Prisen for driftstenesta og timeprisar kan endrast kvart årsskifte tilsvarande auken i konsumprisindeksen (hovudindeksen) ved Statistisk sentralbyrå fyrste gong med utgangspunkt i indeksen frå 1. januar 2020 til 1. januar 2021.

Prisane kan og endrast i den utstrekning som følgjer av krav i lov og forskrift og/eller endring i standardar og/eller naudsynt oppgradering av lokaler, programvare, servere m.m. med verknad for kostnadene til utføraren. I slike høve skal utførar innarbeide dette i vedlegga innan 30 dagar.

Tvist og tvisteløysing

Dersom det oppstår tvist mellom partane om tolking eller rettsverknaden av denne avtalen, skal tvisten fyrst søkjast løyst ved forhandlingar. Dersom ein tvist i tilknyting til denne avtalen ikkje vert løyst etter forhandlingar, kan partane prøve å løyse tvisten ved mekling. Det føreset at partane vert einige om ein meklar. Om ikkje, er partane sine rettar og plikter etter denne avtala, i heilskap fastsett etter norsk rett.

Ansvar for underutførar og tredjepart

Dersom ein av partane engasjerer tredjepart eller underutførar til å utføre arbeidsoppgåver som følgjer av eller i tilknyting til denne avtala, er parten fullt ansvarleg for utføringa av desse oppgåvene på same måte som om parten sjølv stod for utføringa.

Teieplikt

Informasjon som partane vert kjende med i samband med avtalen og gjennomføringa av avtalen, skal behandlast konfidensielt, og i tråd med datahandsamaravtala. Informasjon kan ikkje gjerast tilgjengeleg for utanforståande utan samtykke frå den andre parten.

Førespurnader:

Alle førespunandar vedkomande avtalen skal rettast til

Hjå Arkiveigar	Hjå Utførar
Namn: Kristin Jordal	Namn: Rune Lothe
Stilling: arkivleiar	Stilling: dagleg leiar
Telefon: 90 24 95 41	Telefon: 414 12 138
E-post: kristin.jordal@voss.herad.no	E-post: rune.lothe@ikah.no